



Valen sjukehus

Valen sjukehus er i 2011 eit psykiatrisk sjukehus i Kvinnherad kommune med akutt psykiatri, dobbeldiagnose, sikkerhetspsykiatri og psykose tilbod for vaksne i regionen Sunnhordland og Hardanger med 85.000 innbyggjarar.

Sjukehuset har 40 sengeplassar fordelt på 2 seksjonar.

Følgefonn DPS har to døgnpostar på Valen - psykose og allmennpsykiatri - med 12 sengeplassar



Guide til Valen Asyls Gravlund



"Gøymt, men ikkje gløymt"



Valen Asyl Gravlund

Etabl. 24.09.1911

Innhegna gravlund like sør for den nordre Valeelva, midt mellom det nedre elve-strekket mellom fylkesvegen og Valevågen. Plasseringa i landskapsrommet ved elva knyter gravlunden til naturelementa og gjev at den er skjerma frå det sentrale sjukehusområdet. Gravlunden er omkransa av store trer, for ein del edellauvskog. Mot nord er gravlunden hegna inn av ein rullesteinmur med smijernport, etablert på 1950- eller 1960-talet.

Eit stakittgjerde mot aust, sør og vest avgrensar gravlunden mot skogholtet og innmarka. Inngangspartiet er hellelagt med regelmessig hogde skiferheller, delvis hellelagt gangsti, open grasmark, svakt skrånande mot vest. To store og to mindre gravstøtter med ståande steinar fangar merksemd, like sør for porten. Lange rekker med rektangelforma skiferheller i bakken markerer anonyme graver for avlidne pasientar. Nokre få av dei har namn, fødselsdato og avliden dato.

Ein liten støpul med klokke er plassert like vest for porten til gravlunden. Tilkomstveg går langs elva frå stranda i vest eller frå riksvegen i nordaust.



Gravlunden vart lagt til denne staden etter protestar frå bygdefolket mot at pasientar frå asylet skulle gravleggjast på den ordinære gravplassen i bygda. Alt i 1911, året etter etableringa av asylet, kom dette opp. Løysinga vart at asylet etablerte sin eigen gravlund.

Ikkje alle pasientar som døydde på sjukehuset hadde nære pårørande som kunne ta seg av gravferd på heimstaden. Andre hadde familie som ikkje ville, ofte på grunn av den skamkjensla det var å vera psykisk sjuk. Ein del pasientar kom frå stader langt unna, gjerne så langt som til Finnmark, og transport var dyrt og vanskeleg om dei skulle sendast til heimstaden.

Økonomi, kommunikasjonar og haldningar kan forklara at heile 50 pasientar vart gravlagde her dei første 20 åra av sjukehuset si historie. Desse åra var nok heimsøkt av smittsone sjukdomar som tuberkulose og spanskesykja som sjukehuset på Valen og måtte røyna som samfunnet elles.

Dei fleste pasientgravene er i dag anonyme.

Opphavleg var alle gravene markert med trekors og namn. Ved rehabilitering av gravplassen i 1960-åra vart trekorsa fjerna og erstatta med skiferheller. Nokre av disse fekk innskrift, men langt på veg vart dei fleste gravene gjort anonyme. Plassering av dei døde med namn og årstal er likevel godt ivaretatt i eit manuelt ført arkiv med oppteikning av dei enkelte gravene. Dette arkivet har vore administrert av sjukehuset til denne dag.

To gravminner skil seg ut på gravlund.

Like innanfor porten finn vi det største gravmelet. Her kviler den første direktør og overlege ved Valen asyl, Harald Arnesen.

Han hadde denne stillinga frå 1910 til 1916.

Etter eige ynskje ville han ha sin siste kvile på Valen sjukehus sin gravlund.

Han døydde i 1953.

Heil søraust, like ved stakittgjerdet ligg grava til Konrad Lunde og kona. Han var direktør og overlege ved Valen sjukehus i 40 år. Han døydde i 1973, ho i 1983.

Ein naturstein plassert i kanten av gravlund markerar dette på ein stillferdig måte.

191 personar har så langt fått si siste kvile her.

Den første 19.10.1911.

Siste gravferda fann stad så seint som i 2002.





Pasientgraver



Pasientgraver

Kring 20 gravstader har fått
Gravskrift



Dei anonyme

Dei anonyme gravene er i fleirtal.



Harald Arnesen

1862 - 1953
(Valen 1910 - 1916)



Harald Arnesen vart tilsett som den første
Direktør og overlege ved Valen Asyl frå starten i 1910.



Konrad Lunde


1896 - 1973
(Valen 1923 - 1965)



Konrad Lunde kom til Valen som reservelege i 1923.
I 1925 vart han tilsett som direktør og overlege,
berre 29 år gammal.



Antal gravlagt 1911 – 2002 = 191




Antall gravlagt frå 1911 til 2002 er totalt 191.
Den første gravferda fann stad den 19 oktober 1911.
Alt året etter vart 13 pasientar gravlagt. Det går ikkje fram av meldingar at det er noko spesielt for dette året.
I 1918 er det registrert 14 gravferder. 7 av desse i løpet av berre 14 dagar. Spanskesykja har gjort inntog på Asylet.
I 1930 er det 17 som får gravferd på asylkyrkjegarden. Dei fleste døyde av tuberkulose.

Valen asyl gravlund.

Etablert 24.09.1911

191 graver



Vern

Formål:

Formålet er å bevare gravlunden som arkitektur- og helsehistorisk viktig eksempel på gravlund knyttet til psykiatrisk sykehus i 20. århundre.

Vernet skal sikre gravlundens arkitektur, gravmæler og støpul og opprettholde vegetasjonsskjerm. Sammenhengen med landskap og vassdrag med omkringliggende storvokst edeløvskog skal opprettholdes.

Begrunnelse:

Gravlunden er et unikt eksempel på gravplass eksklusivt knyttet til psykiatriske pasienter i 20. århundre og har betydelig kulturhistorisk verdi. Sykehusgravlund taler tydelig om pasientenes posisjon i et etablert lokalsamfunn, og den enkle utformingen av gravlunden er i tråd med periodens syn på de gravlagte pasientenes posisjon. Gravminnenes størrelse og utførelse vitner tydelig om de avdødes ulike plassering i det sosiale og medisinske hierarki på sykehuset. Gravlunden representerer slik også et minnesmerke både over et stort antall navnløse avdøde pasienter og et minnesmerke over storsamfunnets skiftende oppfatninger av sinnslidende og sinnslidelse.

Omfang: Vernet omfatter gravlund med omkringliggende område

Leif Anker, Forsvarsbygg.